Valle

NOVEMBER 2026

BYGDENYTT

INFORMASJON FRÅ VALLE KOMMUNE



Jolegrantenning, fakkeltog og nissefest

Fredag 27.11 kl. 17.00 Valle sentrum

Velkomen til ei stemningsfull innleiing på jola!

Det blir flott underhaldning ved Valle kulturskule, helsingar og tenning av julegrana. Etterpå inviterer vi til eit hyggeleg fakkeltog til Bygdeheimen, før turen går attende til sentrum.

Når fakkeltoget er over, blir det nissefest med bollar og drikke for store og små.
Ta med familie og vener, og bli med på ein koseleg førjolskveld i sentrum!

Arr. Kyrkja i Valle og Hylestad, Valle Bygdekvinnelag, Valle kommune, Valle kulturskule,
Valle sentrumsforening

1. sundag i advent på setesdalsmuseet med fakkeltog

Sundag 29.11 kl. 14.00 - 16.30 Setesdalsmuseet

Velkomen til ei triveleg adventssamling på museet kl. 14.00–16.30. Det vert god stemning, og me avsluttar ettermiddagen med fakkeltog til kyrkja saman i adventsmørkret. Ta gjerne med familie og vener!

OPPVEKST INFORMERER

TILSKOT TIL INKLUDERING AV BARN OG UNGE

Bufdir har lyst ut tilskot til inkludering av barn og unge for 2027. Ordninga skal gi barn og unge som står i fare for å hamne utanfor, fleire moglegheiter til meistring og deltaking i fritids- og samfunnsliv. Utlysinga er med atterhald om Stortingets endelege budsjettvedtak.

Kven kan søkje?

Frivillige organisasjonar og andre aktørar som er registrerte i Frivillighetsregisteret på søknadstidspunktet, kan søkje. Verksemda må ha eige organisasjonsnummer, ha vore registrert i Enhetsregisteret og hatt aktivitet i minst to år. Kommunar og andre offentlege aktørar kan ikkje søkje på denne ordninga frå 2027.

Ordninga kan mellom anna støtte ferie- og fritidsaktivitetar, deltids- og sommarjobb for ungdom, utstyrssentral, lokal fritidskasse, aktivitetsguide og open møteplass. Det er eigne krav til dei ulike aktivitetstypane. Tiltaka skal vere på fritida og ha låg eller ingen kostnad for deltakarane. Målgruppa er barn og unge frå 0 til 24 år som av ulike grunnar står i fare for å hamne utanfor. For open møteplass er aldersgrensa 10 til 24 år.

Valle kommune deltek i ordninga i 2027. Søknader skal knytast til kommunen der hovuddelen av deltakarane blir rekrutterte frå. Kommunen rangerer dei lokale søknadene ut frå lokale behov og mål for barne- og ungdomsarbeidet. Bufdir behandlar søknadene og avgjer kven som får tilskot.

Søknadsfrist og meir informasjon

Søknaden skal sendast gjennom Bufdir sin søknadsportal innan 13. november 2026. Søknader som kjem etter fristen, kan bli avviste. Les nøye gjennom krava til den aktuelle aktivitetstypen før de søkjer. Det kan søkjast om støtte for inntil tre år. Les meir og søk: bufdir.no/tilskudd/inkludering-av-barn-og-unge/

Spørsmål om kommunen si deltaking kan rettast til Hedda Schaanning, kontaktperson for Valle kommune: hedda.schaanning@valle.kommune.no

VALLE LEGEKONTOR INFORMERER

INFLUENSAVAKSINERING HAUSTEN 2026

Influensavaksineringa hausten 2026 vert i år gjennomført litt seinare enn tidlegare. Dette skuldast at Folkehelseinstituttet (FHI) har meldt at influensavaksinen vert levert i veke 46.



Dei som takka ja til vaksine i fjor, vil få time til vaksinering på SMS.

Vi minner om FHI sine anbefalingar om vaksinasjon for vaksne:

- Kikhostevaksine (i kombinasjon med difteri, stivkrampe og polio): FHI tilrår oppfriskingsdose kvart 10. år for alle vaksne over 65 år.
- Lungebetennelsesvaksine (pneumokokkvaksine): Tilrådast særleg til personar som er 65 år eller eldre, og til personar med visse kroniske sjukdomar eller nedsett immunforsvar.

Ta kontakt med fastlegen dersom du treng ny resept eller ønskjer råd om kva vaksinar som er aktuelle for deg.

KULTUR OG FRITID INFORMERER

SISTE NYTT FRÅ VALLE FRIVILLIGSENTRAL:

Måndag 19. oktober hadde me første innspelsmøte for etablering av Valle frivilligsentral. Det var godt oppmøte med god spreiing av representantar innan fleire disiplinar. På møtet kom det fleire innspel på mellom anna korleis ein skal samkøyre seg i forhold til arrangement, ønske om fleire treffpunkt mellom frivillige og kommunen, og utlånssentral (BUA).

Det blir fleire større og mindre møter framover i etableringsfasen, og me kjem gjerne innom forskjellige lag og foreiningar for workshops.

Har du innspel eller tankar om Valle frivilligsentral?

Ta gjerne kontakt med Rebecca Egeland tlf. 95143433, e-post: rebecca.egeland@valle.kommune.no)

eller Martin Nilsen tlf. 92848836, e-post: martin.nilsen@valle.kommune.no

Frivilligsentralen skal vere lokalisert på Valle kultursenter, med oppstart frå 1. januar 2027.

FREDAGSBADING I BASSENGET

Fredag 13.11 er det gratis bading i bassenget.

Familiar kl. 16.00 - 18.00

Vaksne kl. 18.00 - 19.00



TYSDAGSBADING I BASSENGET - KVAR VEKE

	Bassenget	Badstova
Familiar	kl. 16.00 - 18.00	Kl. 16.00 - 18.00
8. klasse tom. vgs	kl. 18.00 - 19.00	Kl. 18.00 - 19.00
Vaksne	kl. 19.00 - 21.00	
Menn		kl. 19.00 - 20.00
Kvinner		kl. 20.00 - 21.00

Barn under 12 år må vere saman med ein person på minst 16 år som har ansvar for barnet på familiebading. Barn over12 år kan bade åleine, og det er foreldra sitt ansvar at barnet er symjedyktig.

FRIST FOR INNSENDING AV STOFF TIL BYGDENYTT FOR DESEMBER OG HALVE JANUAR ER 20. NOVEMBER

Send på epost til sentralbord@valle.kommune.no

PROGRAM FOR ONSDAGSKAFEEN - VALLE BYGDEHEIM

Onsdag 04.11 kl. 10.30 Sosialt samvær



Onsdag 11.11 kl. 10.30 Sosialt samvær

Onsdag 18.11 Handletur til Evje med jolebuffet på Dølen hotell (meir info kjem)
Påmelding for turen til Bjørg/Bøggi på tlf 95708242 innan fredag 13.11 kl. 12.00.

Onsdag 25.11 kl. 10.30 Seniorshop og sosialt samvær

DEN STORE KINODAGEN - VALLE KULTURSENTER

Laurdag 07.11 kl. 15.00 Valle kultursenter

Bygdekinoen

Kl. 15.00 - Katten med hatten (førpremiere), passar frå 6 år
Kl. 17.00 - Whalefall, passar frå 12 år
Kl. 19.00 - Markens grøde, vaksne

Halv pris på billetten, og kanskje blir det ein og annan overraskelse undervegs!

Bygdekino måndag 23.11
Kl. 17.00 - Julenissens verksted

MEIROPEN IDRETTSHALL

FREDAG KL. 16-20, LAURDAG-SUNDAG KL. 08-20
I skuleferiane kl. 08-20 alle dagar

Trivselsreglar:

1. **Alle ryddar etter seg sjølve og dei som dei er saman med.**
2. **Alle kan også rydde etter andre dersom det trengst, for hallen må vere rydda når dørene stenger.**

- **Utstyrslageret er ope. Takk for at du legg utstyret tilbake på plass når du er ferdig.**
- **To garderobar/toalett er opne. Hjelp oss å halde dei trivelege og ryddige.**
- **Inngang på sørsida (SFO-parkering).**
- **Logg inn med appen SolverApp – Open Hall.**
- **Barn under 12 år må vere saman med ein vaksen.**

Teknisk vakt: 970 03 800

Valle

GJENBRUKSSTOGA - ØYNE

Gjenbruksstoga er ope alle torsdagar framover frå kl. 16.00 - 19.00.

Kurt har i tillegg ope Gjenbruksstoga tysdagar og onsdagar
frå kl.12.00 -15.00

GJENBRUKSSTOGA ØYNE

LARS SAABYE CHRITENSEN OG STEINAR RAKNES: TID

Onsdag 18.11 kl. 18.00 Valle bibliotek, Sæbyggjen Gratis inngong

Kva gjer tida med oss, og kva gjer vi med tida?
Velkomen til ein heilt spesiell kveld på Valle bibliotek, der litteratur og musikk møtest i prosjektet TID.

Forfattar Lars Saabye Christensen har skrive tekstane, og musikar Steinar Raknes har sett musikk til dei. Saman utforskar dei tida vi lever i, tida vi har, tida vi mistar og tida som formar oss. Musikken hentar inspirasjon frå nordisk americana, jazz, blues og norsk visetradisjon.



I duoformatet møter vi Raknes på vokal, kontrabass og gitar og Saabye Christensen med tekst og opplesing. Resultatet er ei nær, leiken og direkte konsertoppleving, der ord og tonar får spele saman.

Prosjektet har fått svært gode omtalar. Harstad Tidende omtala samarbeidet som «Et unikt samarbeid» og konserten som «En fabelaktig time».

VALLE JR- OG UNGDOMSKLUBB



VEKE 45 – Klubb
Tysdag 3.11 kl. 14:30–17:30 – Open klubb jr.
Onsdag 4.11 kl. 18:00–21:30 – Open klubb ungdom

VEKE 46 – Klubb
Tysdag 10.11 kl. 14:30–17:30 – Open klubb jr.
Onsdag 11.11 kl. 18:00–21:30 – Open klubb ungdom

VEKE 47 – Klubb
Tysdag 17.11 kl. 14:30–17:30 – Open klubb jr.
Onsdag 18.11 kl. 18:00–21:30 – Open klubb ungdom

VEKE 48 – Temaveke & «Månadens happening»
I denne veka kan tidspunkta variere frå månad til månad ut frå kva vi finn på.
Tysdag 24.11 kl. 17:00–20:30 – Temaklubb jr.
Onsdag 25.11 kl. 17:00–21:30 – Temaklubb ungdom
Kontakt Martin på e-post om de lurer på noko: ungdomsarbeidar@valle.kommune.no

SKAFSÅHEII FJELLKYRKJE - SALMEKVELD

Laurdag 14.11 kl. 18.00

Prest i Valle og Bykle, Toralv Frøysaa Lie, og organist Eirik Hodnemyr vil presentere salmer der alle kan få vere med og synge.

Det vert servert kaffi og kaker. Høve til å gje ei gåve til drift av fjellkyrkja.



Velkomen innom til ein
triveleg kveld no før advent!

Arr: Fjellkyrkjelaget

ALLIDRETT

Fredag 13.11 kl. 19.00 Vallehalli

Allidrettsklubb med gåvedugnad til Frelsesarmeen.

Andakt, gratis pizza, samt kiosksal. Idrettsaktivitetar i hallen.

Alle frå ungdomsskulen og vidaregåande er hjarteleg velkomne!



GUTTE- OG JENTEKLUBBEN HOPE

Onsdag 11.11 kl. 17.00 Broderheimen bedehus

Andakt / bibelforteljing.

Snikring på halvfabrikat og liknande.

Gratis kveldsmat og lita lynutlodding.

Gutte -og jenteklubben HOPE

Gutar OG jenter frå 1. klasse og oppover er hjarteleg velkomne - Du kan ha med ein vaksen om du har lyst!

Håpar å sjå akkurat deg på Broderheimen denne onsdagen!





Helsing Liv, Marie og Ingunn

INNSAMLING TIL UKRAINA

Du kan no levere klede, sko, leiker og anna utstyr til Ukraina. Levering på Nomeland bedehus.
Pakk gjerne i passe tunge plastsekkar.

Me tek gjerne imot ei støtte til frakt på kr 50 per sekk.
Konto: 2890 11 25289, dette er via Klippen i Bykle som sender vidare til Open Heart.
Vipps: 593767 - Merk betalinga med Ukraina.

Ta kontakt før du set frå deg sekkar, slik at dei ikkje vert ståande ute.
Astrid Nomeland, Tlf. 911 48 355

VALLE OG HYLESTAD SOKN

DAG	DATO	KLOKKA	KVA	KOR
Sundag	01.11	11.00	Minnegudsteneste og diakoniens dag	Valle kyrkje
Tysdag	10.11	18.00	Utviklingsarbeid	Kyrkjestoga
Sundag	15.11	16.00	Gudsteneste	Hylestad kyrkje
Fredag	20.11	17.30	Filmkveld og quiz	Valle kultursenter

For 10 - 12 år. Vi viser filmen "Josef drømmeren". Det blir servert popcorn og saft. premie til vinnar av quizen.

Onsdag	25.11	11.00	Andakt	Valle bygdeheim
Sundag	29.11	17.00	Ljosmesse	Hylestad kyrkje

Kyrkjekontoret tlf: 474 82 359
Kyrkjeskyss: 911 48 355

e-post: post@valle.kyrkja.no

ADVENTSSTUND FOR OSS OVER 60 - DIAKONIUTVALET

Fredag 04.11 kl. 18.00 Sæbyggjen, Kyrkjestoga

Vi inviterer til ei triveleg adventsstund med god mat, fellesskap og førjolsstemning.

- Servering av jolegraut, kaker/jolekaker og kaffe
- Adventstankar v/ Bjørgulv Berg
- Min barndoms jol v/ Knut Brokke
- Underhaldning med song og musikk

Musikalsk leiar: Eirik Hodnemyr

Entré: kr 100,- pr. person

Påmelding på SMS til Astrid Rysstad, tlf. 911 48 355



NOMELAND BEDEHUS

Møte med Torstein Landås
Tysdag 10. november kl 19.00
Møte med Ragnar Ringvoll
Tysdag 17. november kl 19.00

Onsdag 18. november kl 19.00
Torsdag 19. november kl 19.00

Alle er hjarteleg velkomne!

JOLEMESSE - NORMISJON

Laurdag 28.11 kl. 12.00 Sæbyggjen, kyrkjestoga

Normisjon inviterer til triveleg jolemesse. Det vert andakt kl. 13.00 og familiemøte kl. 16.00. Frå Normisjon kjem mellom andre Gunnar Urstad og Ingebjørg Bergstad Torp.
Gjennom dagen vert det åresal med flotte gevinstar som kransekaker, marsipankake og fruktkorger. Det vert òg sal av småkaker, og du kan kjøpe suppe, eplekake, vaflar, kaker og kaffi heile dagen.

Trekninga er kl. 17.00. På hovudlotteriet kan du mellom anna vinne dalebukse med skjorte (4-7 år), matkasse, elektrisk sag, elektrisk dampkokar, Lego City og eit handstrikka pledd.



Loddbøker vert lagt ut på Coop Rysstad, Joker og Coop Valle.
Me ynskjer store og små hjarteleg velkomne!

UTVIKLINGSMØTE I KYRKJA

Tysdag 10.11 kl. 18.00 Kyrkjestoga, Sæbyggjen

Ope møte for alle innbyggjarar i Valle kommune!
Det vert servert pizza og drikke. Prost Rune Stormark kjem.

Me vil blant anna snakke oss gjennom desse punkta:

- Engasjement: Korleis kan ein få folk til å engasjere seg i kyrkja og kva skal til for å engasjere deg?
- Korleis kan me utvikle kyrkja? Kva burde kyrkja ta seg av?
- Kva er bra i dag og kva er eventuelt manglande? Kva bør kyrkja ha fokus på framover?
- Informasjon: Korleis kan kyrkja nå deg på best mogleg måte?
- Kyrkja si undervisning og læring frå 0-100 år: Kva tiltak ynskjer du at kyrkja skal tilby?

Vonar du kjem!

TEMAMØTE OM VILLREIN OG TILTAKSPLAN

Onsdag 4.11 kl.19.00 Hovden grendehus, lesesalen

Tema er tiltaksplanen for villrein som endeleg er komen. Kva inneheld planen og kva skjer vidare i Bykle og Valle? Vi får besøk frå Norsk Villreinsenter ved Lena Romtveit og Morten Elgaaen.
Mogleg å stille spørsmål etterpå.
Alle er velkomne, og enkel servering.
Følg gjerne med på Facebook sida vår for moglege endringar.
Arr.: Naturvernforbundet i Setesdal

Naturvernforbundet
Setesdal

KONSERT MED VALLE VAKSENKOR OG KULTURSKULEN

Joletonar i mørketid

Valle kyrkje
Laurdag 5. desember
Klokka 16.00

Hjarteleg velkomen til ein førsjolskveld i Valle kyrkje med tradisjon, song og jolestemning! Små og store har bruka hausten til å øve inn eit flott og variert repertoar for å gi dykk ei god dose jolemagi denne kvelden.

Konserten er sponsa av Valle Sparebank og Valle kyrkje og det er gratis inngang for alle.

BASAR - GARANE GRENDEHUS

Laurdag 14.11 kl. 11.00 Garane grendehus i Brokke

Kom og sjå på alt det fine ein kan kaupe, og tak matpausen her.
I år har me bl.a. tresløyd og hobby, strikk og hekl, kjøkkenreiskap i tre, bilete og lokale puslespel, keramikk, lange lakrisstenger, smykke, vesker, puter, luer og saueskinn.

Det vert setesdalssuppe, kaffe og kaker.

For info, tlf 908 95 943, Jorunn Synnøve

Adresse: Brokke grendefelt 12, 4748 Rysstad



FØRJOLSKONSERT - SETESDAL KULTURKYRKJE PÅ TVEIT

Laurdag 28.11 kl. 17.00

Stevleik med Kirsten Bråten Berg og lokale kvedarar frå Setesdal Spelemannslag.

Solistar:
Vidar Frøysnes, Oddvar og Øyvind Omnes, Sigrid K. Jore

Husband:
Tor Ånon Kleivane, Finn Håkon Borgi, Runar Granheim, Eirik Hodnemyr

Billettar: 250,-
Kan kjøpast på Checkin.no

Ved spørsmål ring: 95041185
Gratis inngang for dei under 15 år

Fredag 06.11 kl. 19.00
Norsk/Irsk kveld på Sølvgarden. Konsert med Inger Lise Stulien, Endre S. Robstad og eit band frå Dublin.
Arr. Setesdal spelemannslag, Folkeakademiet Valle og Valle kommune

Laurdag 07.11 kl. 18.00 Friviljugfest i Hovden grendehus.

Setesdal Spelemannslag

VALLE BRUKTBUTIKK

Vi er ei foreining som driv bruktbutikk basert på dugnad. Vi får mykje gratis til butikken som vi sel vidare for ein rimeleg sum. Dette gjer til at vi over tid får eit godt overskot. Desse pengane ønskjer foreininga å gje tilbake til lokalsamfunnet. Alle kan søkje om midlar, og det er styret i Valle bruktbutikk som avgjer kven som skal få tilsagn på søknaden. Er det mange gode søknadar kan overskotet delast på fleire søkjarar.
I 2026 oppmodar vi særleg å sende søknad når det aktivitetar retta mot barn- og unge. I tillegg er det bare å søkje om penger til andre gode tiltak!

Navn på søkjar:
Adresse: Telefon:

Bankkontonummer:

Gjer kort greie for kva søknaden gjeld, tiltak/aktivitet:

Søkjer du/de andre om stønad?
Dersom ja, frå kven søkjer de stønad:

Dersom du får tildelt midlar:

Rapport med enkelt rekneskap/kopi av fakturaer/bilete av utstyr og fra aktiviteten, må sendast styret i Valle bruktbutikk når prosjektet/aktivitet er gjennomført. Dette må skje innen eit år. Vi ønskjer å marknadsføre ferdige prosjekt på SoMe, og andre stader som kan vere aktuelle.

Signatur Stad/dato:

Søknaden kan sendast som epost til: info.vallebruktbutikk@gmail.com.
Søknadsfrist: 15.11.2026

VALLE RADIO

Tysdag	kl. 18	Sending
Onsdag	kl. 19	Sending

Vi sender også direkte videooverføring av kommunestyremøta via heimesida vår, med reprise på FM og nettradioen dagen etter.

Ta gjerne kontakt dersom du har tips om noko vi kan ta med «på lufta».
Bruk lokalradioen!

Epost: post@valleradio.com

Facebook: Valle Radio

Heimeside: www.valleradio.com



VALLE RADIO



NORSK FOLKEHJELP SETESDAL

8 - 10. januar 2027 - Førstehjelpskurs for mannskap

Norsk Folkehjelp Setesdal arrangerer førstehjelpskurs for mannskap. Kurset er for alle som skal delta på tenester og aksjonar i Norsk Folkehjelp, og følgjer Norsk Førstehjelpsråd sin standard for kvalifisert førstehjelp.

Kurset omfattar bevisstløyse og hjartestans, akutte skadar og akutt sjukdom. Det blir lagt stor vekt på praktiske øvingar.

Vi tilbyr også praktiske førstehjelpskurs for enkeltpersonar, bedrifter, lag og foreiningar. Her lærer du mellom anna å varsle 113, utføre livreddande førstehjelp og handtere akutte sjukdommar og skadar. Deltakarane får kursbevis etter gjennomført kurs.

Ta kontakt for meir informasjon eller påmelding!

Birgit Homme Harstad: 917 78 410
Kristine Kleiveland: 991 05 541

E-post: setesdal@folkehjelp.no
Nettside: folkehjelp.no/lokallag/setesdal



Vi oppfordrar alle lag og organisasjonar til å lage seg ei arrangørside i Friskus aktivitetskalender.
Det gjer du her: valle.friskus.com

KVA SKJER I VALLE

Med atterhald om endringar

DATO	STAD	TID	KVA SKJER
04.11.	Valle bygdeheim	10.30	Sosialt samvær
04.11.	Sæbyggjen, kyrkjestoga	18.00	Adventsstund for oss over 60
04.11.	Hovden grendehus	19.00	Temamøte om villrein og tiltaksplan
05.11.	Valle sentrum	16.00	Kundekveld
06.11.	Sølvgarden hotell	19.00	Norsk-irsk kveld
07.11.	Valle kultursenter, storstoga	15.00	Den store kinodagen
10.11.	Sæbyggjen, kyrkjestoga	18.00	Utviklingsmøte for kyrkja
11.11.	Valle bygdeheim	10.30	Sosialt samvær
11.11.	Broderheimen bedehus	17.00	Gutte- og jenteklubben Hope
13.11.	Valle kultursenter, laugarhalli	16.00	Gratis fredagsbading
13.11.	Valle kultursenter, vallehalli	19.00	Allidrett
14.11.	Garane grendehus	11.00	Basar
14.11.	Skafsåheii fjellkyrkje	18.00	Salmekveld
18.11.	Evje	Info kjem	Handletur med onsdagskafeen
18.11.	Sæbyggjen, biblioteket	18.00	Lars Saabye Christensen og Steinar Raknes: TID
20.11.	Valle kultursenter, storstoga	17.30	Filmkveld og quiz
23.11.	Valle kultursenter, storstoga	17/19	Bygdekinoen
25.11.	Valle bygdeheim	10.30	Sosialt samvær og seniorshop
27.11.	Valle sentrum	17.00	Jolegrantenning, fakkeltog og nissefest
28.11.	Sæbyggjen, kyrkjestoga	12.00	Jolemesse - Normisjon
28.11.	Setesdal kulturkyrkje Tveit	17.00	Førjolskonsert
29.11.	Setesdalsmuseet	14.00	1. sundag i advent og fakkelog